

**ALLMENNE SKJØNNSFØRESETNADER VED EIGEDOMSINNGREP ETTER § 50, JFR. § 49, I VEGLOVA, LOV AV 21. JUNI 1963.**

1. SKJØNNSFØRESETNADENE

- A. Skjønnsføresetnadene angir det faktiske grunnlaget som skjønnsretten skal bygge på ved fastsetting av erstatningar:
- omfanget av eigedomsinngrepet,
  - den framgangsmåten saksøkjaren nyttar når han skal rekne ut og betale erstatninga
  - dei tiltaka saksøkjaren tek på seg,
  - dei forholda som skal haldast utanfor skjønnet.

Saman med skjønnsføresetnadene blir det lagt fram kart, arealoppgåver og liknande materiale. I tillegg til det som er fastsett i skjønnsføresetnadene og anna framlagt materiale som er nemnt ovanfor, tek saksøkjaren ikkje på seg arbeid eller andre plikter.

- B. Skjønnsføresetnadene er sett saman av ein allmenn del og ein spesiell del. Dei spesielle føresetnadene inneheld særlege reglar som gjeld for det enkelte takstnummeret. Så langt dei spesielle føresetnadene er i strid med dei allmenne, eller med det generelle kartmaterialet som er lagt fram, skal dei spesielle føresetnadene gjelde.
- C. Saksøkjaren tek atterhald om at han fram til skjønnet blir avheimla skal ha rett til å endre eller supplere det materialet som er nemnt ovanfor.

2. OMFANGET AV EIGEDOMSINNGREPET

- A. I tillegg til grunn omfattar eigedomsinngrepet alle dei rettane som er nødvendige for bygging, utbetring, vedlikehald og drift av dei offentlege veganlegga som er med i ekspropriasjonstiltaket.
- B. Grunn til offentlege vegar blir ekspropriert til eigedom i samsvar med det som er fastsett i skjønnsføresetnadene, og vist for skjønnsretten ved utstikking i marka, kart og vegprofil. I tillegg til vegbreidda (kjørebane, skulder og eventuelt midtdelar), omfattar eigedomsområdet for vegen grunn til grøfter, fyllingar, skjeringar og andre tiltak som er nødvendige av omsyn til ekspropriasjonstiltaket.
- C. Grunn blir ekspropriert ut til ca. 1 meter frå fyllings fot/skjeringsstopp, likevel slik at grense for vegområdet ikkje skal trekkjast nærare vegkant enn ca. 3 meter. Alle mål gjeld horisontale avstandar.
- D. Utanfor vegområdet omfattar ekspropriasjonen rett til mellombelse og permanente eigedomsinngrep i samsvar med det som går fram av spesielle skjønnsføresetnader, eventuelt med tilvising til kart, profil og særskilte oppgåver. Ekspropriasjonen vil dessutan - i tråd med det som går fram av det nemnde materialet - kunne gjelde:

- rett til å flytte eksisterande leidningsnett og leggje nye leidningar,
- rett til å byggje, leggje om og halde vedlike private vegar,
- erverv av private bruksrettar til bate for andre enn saksøkjaren.

E. Eigedomsinngrepet gjeld og for matjord innanfor ekspropriasjonsområdet.

### 3. ERSTATNINGSFORHOLD MED TILHØYRANDE REGLAR

#### 3.1 Fastsetting av grunnerstatning

- A. Saksøkjaren legg fram førebelse oppgåver over kva areal som skal ervervast for kvart takstnummer, jfr. pkt. 2 B og C i føresetnadene. Endeleg oppmåling skjer først når anlegget er ferdig.
- B. Saksøkjaren ber om at skjønnsretten fastset grunnerstatning pr. arealeining (dekar/m<sup>2</sup>) for kvart takstnummer, spesifisert etter markslag/bonitet/arealkategori, alt så langt det trengst av omsyn til erstatningsoppgjeret. Dersom grensene for ulike markslag m.v. er usikre, ber saksøkjaren om at grunnerstatningane blir spesifiserte med tilvising til plankartets profilnummer eller på annan eintydig måte.

#### 3.2 Trer og annan vegetasjon

Grunnen blir ekspropriert med påståande tre og annan vegetasjon dersom anna ikkje er fastsett i spesielle skjønnsføresetnader.

#### 3.3 Gjerde

- A. Gjerde vil bli sett opp og halde vedlike av vegsjefen i følgjande tilfelle:
- a) der gjerde er nødvendig av omsyn til vegen eller ferdsla på vegen, jfr. veglova § 44, 2. ledd
  - b) der gjerde er nødvendig for å verne omgivnaden mot spesiell fare som vegen representerer.

Opplysningar om kvar slikt gjerde er aktuelt, går fram av dei spesielle skjønnsføresetnadene, eventuelt også av vegplanen.

- B. Dersom saksøkte elles krever erstatning for gjerde, og vegvesenet kjem til at kravet ikkje kan imøtekomast, avgjer skjønnsretten om erstatningsplikt er til stades.

Når den eksakte gjerdelengda ikkje er klar under skjønnen, ber saksøklar om at eventuell erstatning blir fastsett pr. løpemeter. Saksøklar ber også om at det i skjønnsgrunnane blir opplyst om kva gjerdetype som er lagt til grunn.

Gjerdet skal plasserast etter rettleiing frå vegvesenet.

Vegvesenet skriv frå seg ansvar for framtidig vedlikehald av gjerdet.

- C. I den utstrekning veganlegget gjer det nødvendig å fjerne eksisterande gjerde, blir det gått ut frå at saksøkte ordnar dette. Frist for å fjerne gjerdet er gitt i dei spesielle skjønnsføresetnadene. Dersom gjerdet ikkje er fjerna innan fristen, vil gjerdet bli fjerna av vegvesenet.

#### 3.4 Inngrep som ikkje er permanente

I spesielle skjønnsføresetnader blir det gjort greie for inngrep utanfor ekspropriasjonsområdet som ikkje er permanente, jfr. pkt. 2 D i føresetnadene. Skjønnsretten fastset erstatning for slike inngrep i samsvar med det som blir påvist.

#### 3.5 Anleggsarbeidet

Erstatning for skade og ulempe som kjem av anleggsdrifta skal haldast utanfor skjønnet med mindre anna er fastsett i dei spesielle skjønnsføresetnadene.

#### 3.6 Andre erstatningsforhold

Dei erstatningane som skjønnsretten fastset, skal dekkje alle erstatningspliktige skader og ulemper i samband med ekspropriasjonstiltaket, bortsett frå det som klart er halde utanfor skjønnet, anten i skjønnsføresetnadene eller i avgjerda til skjønnsretten. Såleis omfattar erstatningane også eventuell skade eller ulempe i samband med stikkings- og målearbeid, grunnundersøking o.l.

### 4. OPPGJER OG ERSTATNING FOR AT UTBETALINGA SKJER PÅ EIT SEINARE TIDSPUNKT ENN OVERTAKINGA

Erstatningsoppgjer skjer i samsvar med skjønnsprosesslova §§ 53-57, eventuelt direkte med saksøkte.

Tap som følgjer av at utbetaling av erstatning skjer etter at overtaking har funne stad, blir fastsett av skjønnsretten i samsvar med regelen i § 10, tredje punktum i lov nr. 17, 6. april 1984 om vederlag ved oreigning av fast eigedom. Dette gjeld både ved førehandstiltrede og når fullt oppgjer ikkje kan skje før vegen er bygd og endeleg oppmåling gjort.

### 5. ANDRE FORHOLD

#### 5.1 Avkjørsler

- A. Avkjørsler blir viste i planar og spesielle skjønnsføresetnader. Endra bruk av eksisterande eller nye avkjørsler er avhengig av særskilt løyve.
- B. Avkjørsler blir bygde av vegsjefen. Når vegsjefen tek ansvaret for arbeid med tilknytningsveg eller liknande, vil dette gå fram av kart og/eller spesielle skjønnsføresetnader.

## 5.2 Leidningar, grøfter m.v.

- A. Med mindre anna følger av særlige vilkår, sørgjer saksøkjaren for nødvendig omlegging av eksisterande lovleg leidningsnett. Dette gjeld mellom anna elektriske leidningar, vass- og kloakkleidningar og grøfter med eventuelle kummar m.v. Saksøkjaren sørgjer for at eksisterande lovlege vassleidningar, elektriske kablar m.v. blir lagt i varerøyr ved kryssing av vegen, dersom anna ikkje blir fastsett i spesielle skjønnsføresetnader.
- B. Framtidig reparasjon og vedlikehald av leidningsnett som fell inn under pkt. A, har saksøkjaren ikke ansvar for.
- C. Reparasjon og vedlikehald av leidningsnettet innanfor vegområdet kan berre utførast etter løyve frå vegvesenet.

## 5.3 Bortleiing av vatn

- A. Kulvertar og stikkrenner gjennom vegen som skal byggjast/oppretthaldast for nødvendig gjennomløp/bortleiing av vatn frå vegområdet, går fram av kart, profil m.v., eventuelt supplert med nærare utgreiingar i spesielle skjønnsføresetnader.
- B. Når saksøkjaren reknar med at ekspropriasjonstiltaket vil føre til skadeleg endring av vasstand og vassføring utanfor ekspropriasjonsområdet, blir det gjort greie for dette i kart og/eller spesielle skjønnsføresetnader. Ut over det som det er gjort greie for i skjønnsføresetnadene, tek saksøkjaren ikkje på seg arbeid med bortleiing av vatn eller vedlikehald av grøfter og leidningsnett utanfor ekspropriasjonsområdet.

## 5.4 Nedlegging av offentleg veg

Dersom veggrunn i samband med nedlegging av offentleg veg skal først tilbake til saksøkte, fastset skjønnsretten vederlag for dette i samsvar med veglova § 8, tredje ledd.

## 5.5 Frisiktsoner

Frisiktsoner er viste på planar og kart. Innanfor desse er det ikkje høve til å ha sikthindrande plantingar, gjerde, bygningar m.v. jfr. spesielle skjønnsføresetnader.

-----

## TILLEGG

Andre bestemmelsar som kan være aktuelle (må vurderast frå sak til sak.)

## TØMMER OG ANNA DRIVVERDIG VIRKE

- A. Saksøkjaren sørgjer for og ber utgiftene til bestandsregistrering. Dersom saksøkte etter førespurnad frå saksøkjaren, ikkje har gitt samtykke til oppgjer etter offentleg tømmermåling, vil saksøkjaren sørgje for og bere utgiftene ved kubering av påståande salgbart virke. Dette gjeld óg for grunn utanfor vegområdet som blir klausulert til

motfyllingar, avlastingsområde, siktsoner o.l. Skjønsretten fastset i desse tilfella tømmererstatninga.

- B. Ved eventuelt oppgjer etter offentlig tømmermåling, jfr. samtykke frå saksøkte, vil tømmeret bli målt etter gjeldande reglar for tømmermåling. Saksøkjaren ber om at skjønnet, så langt det er nødvendig av omsyn til tømmeroppgjeret, fastset dei driftskostnadene pr. m<sup>3</sup>, inkludert måle- og avvirningsavgift, som kan trekkjast frå brutto tømmerverdi ved erstatningsoppgjeret for kvart takstnummer.
- C. Når saksøkte har sagt frå at han sjølv ønskjer å drive ut og eventuelt behalde virket, vil frist for avvirking bli gitt i spesielle skjønnsføresetnader. Dersom avvirking ikkje er gjort innan denne fristen, vil saksøkjaren avvirke tømmeret på saksøktes kostnad.

#### VEDLIKEHALD AV PRIVATE VEGAR

- A. Saksøkjarens vedlikehaldsansvar for private vegar er avgrensa til det bygningstekniske vedlikehaldet av bruer og undergangar som blir bygde for kryssing av offentlig veg i samband med ekspropriasjonstiltaket.
- B. Vidare vedlikehaldsverksemd, herunder snøbrøyting, på bruer over offentlig veg skal utførast i samsvar med pålegg og tilvisingar som til kvar tid blir gitt av vegstyremaktene.

#### BYGNINGAR OG ANDRE FASTE INNRETNINGAR

- A. Dersom anna ikkje er bestemt i spesielle skjønnsføresetnader, skal bygningar og andre faste innretningar innanfor ekspropriasjonsområdet ervervast. Det same gjeld bygningar m.v. utanfor ekspropriasjonsområdet dersom desse må fjernast av omsyn til ekspropriasjonstiltaket. Kva bygningar og innretningar dette gjeld, går fram av spesielle skjønnsføresetnader.
- B. Frist for å flytte frå bygningar som blir eksproprierte etter pkt. A, er fastsett i spesielle skjønnsføresetnader.

#### STABILISERINGSTILTAK. MOTFYLLINGAR OG AVLASTINGSOMRÅDE

- A. Ekspropriasjonen omfattar rett til å sette i verk nødvendige stabiliseringstiltak utanfor vegområdet i form av oppfylling (motfyllingar) og nedplanering (avlastingsområde).
- B. Det er gjort nærare greie for stabiliseringstiltak etter pkt. A i spesielle skjønnsføresetnader, jfr. framlagte kart og anna materiale.
- C. Saksøkjarens ansvar for vedlikehald og tiltak etter pkt. A er avgrensa i dei spesielle skjønnsføresetnadene. I samsvar med dette omfattar ekspropriasjonen nødvendige rettar for ettersyn og vedlikehald, herunder eventuelt ferdsel over eigeidomen til saksøkte. Behov for slik ferdsel er det gjort greie for i spesielle skjønnsføresetnader.
- D. Motfyllingar og avlastingsområde kan nyttast til jord- og skogbruksføre mål. I samband med dette kan nødvendig drenering gjennomførast. Utanom dette kan

saksøkte derimot ikkje, uten løyve frå vegvesenet, sette i verk tiltak som kan tenkjast å verke inn på stabiliteten.

## LANDSKAPSTILTAK

- A. For å innpasse veganlegget i det omliggjande landskapet, blir det sett i verk tiltak utanfor vegområdet. Desse tiltaka er med i ekspropriasjonen, og det er gjort nærare greie for dei i spesielle skjønnsføresetnader. Tiltaka kan gå ut på terrengforming, tilplanting m.v., jfr. framlagte planar, kart og anna materiale.
- B. Saksøkjarens ansvar for vedlikehald av tiltak etter pkt. A er avgrensa i dei spesielle skjønnsføresetnadene. I samsvar med dette omfattar ekspropriasjonen nødvendige rettar for ettersyn og vedlikehald, herunder eventuelt ferdsel over eigedomen til saksøkte. Behov for slik ferdsel er det gjort greie for i spesielle skjønnsføresetnader.
- C. Saksøkte har ikkje høve til å gjere noko på eigen eigedom som kan føre til at tiltak etter pkt. A blir skadde eller sluttar å fungere i samsvar med føresetnadene.

## STØYDEMPANDE TILTAK

### 1. Støyskjerming

- A. Støyskjerming, anten i form av vollar eller skjermar, blir sett i verk så langt og på den måten som det er gjort greie for dette i spesielle skjønnsføresetnader. Tilvisingar til planar, kart og anna illustrasjonsmateriale er gitt i dei spesielle skjønnsføresetnadene.
- B. Ekspropriasjonen omfattar rett for saksøkjaren til å sjå etter og halde vedlike vollar og skjermar som blir bygd etter pkt. A. I samband med dette har saksøkjaren rett til nødvendig ferdsel over saksøkte sin eigedom.
- C. På den sida av støyskjermen som ikkje vender mot vegen, kan saksøkte, innanfor dei rammene som blir fastsette av bygningsmyndighetene, nytte den overflatebehandlinga som vedkomande ønskjer. Dette kan til dømes gjelde maling eller beis. Det same gjeld plantingar, både i samband med støyskjermar og på den delen av støyvollen som ikkje vender mot vegen.
- D. Saksøkte har ikkje høve til å gjere noko på eigen eigedom som kan føre til at tiltak etter pkt. A blir skadde eller sluttar å fungere i samsvar med føresetnadene. Støyvollar må ikkje gravast ut, og det må ikkje gjerast arbeid i grunnen som kan øydeleggje fundamenteringa av støyskjermar.
- E. Støyskjerm som etter pkt. A blir bygd langs vegen, skal stå på vegområdet. Eigedomsgrensa skal trekkjast langs skjermen, på den sida av skjermen som vender bort frå vegen. Når det blir bygd støyvoll, skal grensa for vegområdet trekkjast langs toppen av vollen. Ved spesielle skjønnsføresetnader kan det fastsetjast andre reglar.

2. Annan form for støydemping

- A. Saksøkjaren tek på seg å byggje/koste lokale støyskjermer inne på eigedomen så langt og på den måten som det er gjort greie for dette i spesielle skjønnsføresetnader. Tilvisingar til planar, kart og anna illustrasjonsmateriale er gitt i dei spesielle skjønnsføresetnadene.
- B. Saksøkjaren tek på seg å utføre/koste dei fasadetiltaka som det er gjort greie for i dei spesielle skjønnsføresetnadene og i rapport.

Fasadetiltaka vil bli utførte etter eitt av dei følgjande alternativa:

1. Saksøkjaren står ansvarleg for og administrerer gjennomføringa av dei tiltaka som er nemnt.

Arbeidet blir utført av entreprenør/byggmeister. Dersom saksøkjær finn det føremålstenleg, blir arbeidet utført etter tilbod som blir innhenta og godkjent av saksøkjær. Saksøkjær sørgjer for den oppfølginga og kontrollen som er nødvendig.

Dersom det under arbeidet blir oppdaga skjulte feil i bygningskonstruksjonane som til dømes rote eller annan skade, pliktar saksøkte sjølv å dekkje kostnadene med den utbetringa av bygningskonstruksjonen som er nødvendig.

Dersom saksøkte ikkje er villig til å dekkje desse kostnadane, fell saksøkjær sitt ansvar etter skjønnsføresetnadene bort. Saksøkjær avsluttar då lydisoleringsarbeida og set bygningen i samme stand som då arbeida blei starta.

2. Saksøkte står sjølv ansvarleg for at tiltaka blir gjennomførte.

Saksøkjær sørgjer for å beskrive dei tiltaka som skal gjerast og skaffe eit kostnadsoverslag for dei - slik som nemnt i dei spesielle skjønnsføresetnadene.

Arbeida skal utførast av entreprenør/byggmeister. Saksøkte kan ikkje sjølv utføre arbeidet utan at saksøkjaren samtykkjer i dette.

Arbeida skal tilfredsstille dei krava til utføring som er sette i arbeidsspesifikasjonen. Saksøkjær skal kontrollere og godkjenne arbeida etter kvart som dei blir utførte. Kva som er nødvendig kontroll, blir avgjort av saksøkjær.

Saksøkjaren sitt økonomiske ansvar er avgrensa til det beløpet som går fram av kostnadsoverslaget som ligg til grunn for tilbodet. Beløpet skal utbetalast til saksøkte etter kvart som dei enkelte stega i arbeidet er ferdige, kontrollerte og godkjende av saksøkjaren.

Arbeidet skal vere oppstarta innan eitt år etter at tilbodet om fasadetiltak er sett fram for saksøkte. Dersom denne fristen ikkje blir halden, fell saksøkjaren sitt ansvar etter skjønnsføresetnadene bort.

- C. Saksøkjær fråskriv seg alt ansvar for vedlikehald av lokale støyskjermer som blir bygde etter pkt. A og av bygningsfasadar etter pkt. B.